



**KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE
MØTEUTSKRIFT**

Møte: 11. september 2019 kl. 09.00 – 11.30

Stad: Lindås rådhus - formannskapssalen

Tilstade: Leif Erik Gullanger (leiar), Rolf Henning Hegland (nestleiar),
Kåre Helge Østrem (medlem), Anne Kristin Tonning (medlem)
og Rebecca Duesund Fjeldsbø (medlem)

Forfall:

Innkalla: Kristin Moe kommunalsjef oppvekst (til sak 43/19)
Leif B Hopland rådgjevar oppvekst (til sak 43/19)

Frå revisjonen: Lina Hamre, Deloitte AS (til sak 43/19)

Sekretær: Øivind Olsnes

40/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent

41/19 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møte den 12.06.2019

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Møteutskrift frå møte den 12.06.2019 er godkjent

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte den 12.06.2019 er godkjent



42/19 Skriv og meldingar:

Saksvedlegg:

- a) Forum for kontroll og tilsyn;
Valg av kontrollutvalg for perioden 2019-2023
- b) Fylkesmannen i Vestland;
Varsel om felles nasjonalt tilsyn med Lindås kommune – kommunen si forvaltning av introduksjonslova – krav om individuell plan
- c) Fellesnemnda sak 037/19 – Eigarskap – førebels konklusjonar

Saksopplysningar:

Behandling i møte:

Leiar orienterte kort om ulike skriv

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

43/19 Forvaltningsrevisjon – Lindås kommune; Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø

Saksvedlegg:

Deloitte AS; Oversendingsbrev datert 21.08.2019 med Rapport; Forvaltningsrevisjon av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulane i Lindås kommune

Saksopplysningar:

Forvaltningsprosjektet er utført på bakgrunn av kontrollutvalet si bestilling i møte 23.01.2019, sak 04/19. Prosjektet inngår i kommunen sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020.

Føremålet med prosjektet har vore å undersøkje om skuleiegar og den einskilde skule arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elvane i grunnskulen i Lindås kommune, samt om skulane har rutinar for å følgje opp tilfelle der elevane ikkje har eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova.

Prosjektet er avgrensa til å omhandle det psykososiale skulemiljøet i kommunale grunnskular i Lindås kommune, samt skulemiljøet til barn i grunnskulepliktig alder.

Revisjonen har gjennomgått aktuell dokumentasjon frå Lindås kommune. Fire av skulane har vore utvald som case-skular (tre barneskular og ein ungdomsskule). Det er utført åtte intervju, og det er gjennomført ei spørjeundersøking til alle lærarane og andre tilsette ved grunnskulane (totalt 353 tilsette med 272 svar som utgjer 77%).



Revisjonen har i prosjektet undersøkt følgjande tre hovudproblemstillingar:

1. I kva grad arbeider skulane i kommunen systematisk og kontinuerleg for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulen, og gjennom dette førebygge mobbing og andre krenkingar?
2. I kva grad er det etablert system og rutinar som medverkar til å sikre at konkrete tilfelle der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir handtert i samsvar med krav i opplæringslova?
3. I kva grad har kommunen som skuleeigar eit forsvarleg system som er eigna til å avdekke praksis ved skulane som er i strid med opplæringslova, og ved behov følgje opp at skulane endrar praksis slik at dei oppfyller krava i regelverket

Revisjonen har utarbeida ein grundig rapport som oppsummerer dei ulike funna i undersøkinga og kjem med ulike tilrådingar for vidare oppfølging.

Revisjonen peikar på at Lindås kommune har innført ei rekkje føremålstenleg tiltak for å sikre at krava til skuleiegar sitt forsvarlege system vert iverateke. Fleire av tiltaka er nye våren 2019. Effekt av tiltaka føreset ei jamnleg oppfølging framover.

Revisjonen peikar også på at det var positivt at skuleiegar utarbeidde felles retningslinjer for skulemiljø til skulestart i 2017. Dette på bakgrunn av endring av opplæringslova kapittel 9 A som då var kome. Undersøkinga syner at det er behov for å tydeleggjere rektorane sitt ansvar for den vidare oppfølging, og at det er variasjon mellom skulane i når det gjeld mål, rutinar og aktivitetsplanar på dette området. Skuleiegar vert derfor rådd til å gjennomføre tiltak for å få ein likare praksis ved skulane.

Rådmannen har i sin høyringsuttale til rapporten (vedlegg 1), uttalt at rapporten gjev eit godt bilde på skuleiegar og skulane sitt arbeid med å sikra praksis i samsvar med lovkrava. Det vert her peika på at administrasjonen i samanslåingsprosessen for nye Alver kommune vil gjennomføre tiltak for å få likare rutinar, planar og praksis ved skulane.

Tilrådingar frå revisjonen:

Revisjonen har med grunnlag av det som kjem fram i undersøkinga rådd til at Lindås kommune set i verk følgjande tiltak:

1. Sikrar at alle tiltak/sanksjonar knytt til mobilbruk er heimla i skulane sine ordensreglement, jf. opplæringslova § 9 A-10 tredje ledd, og at ordensreglementa er i tråd med gjeldande regelverk.
2. Sørger for at alle skulane gjennomfører møte i skulemiljøutval, og arbeider for å synleggjere og tydeleggjere ytterlegare kva som kan og bør vere skulemiljøutvalet si rolle ved skulane, og kva saker som kan og bør handsamast av skulemiljøutvalet.
3. Tydeleggjer overfor rektorane kva som er deira ansvar når det gjeld utarbeiding av rutinar knytt til ivaretaking av dei ulike handlingspliktene, den skjerpde aktivitetsplikta og krav til at involverte elevar blir høyrde.



4. Vurderer å utarbeide enkelte felles rutinar knytt til ivaretaking av dei ulike handlingspliktene, den skjerpa aktivitetsplikta og krav til at involverte elevar blir høyrde.
5. Etablerer rutinar for å sikre at ulike yrkesgrupper som jamleg utfører arbeid ved skulane i kommunen er informert om aktivitetsplikta.
6. Tydeleggjer korleis skulane skal dokumentere kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i førekant av arbeidet med aktivitetsplan (kva informasjon som er av slik karakter at den skal dokumenterast og kven som har ansvar for å dokumentere), og sikrar at informasjon som inneheld personopplysningar blir dokumentert og oppbevart i tråd med krav til personvern.
7. Sørgjer for at skulane, gjennom til dømes erfaringsdeling og opplæring, får ein mest mogleg felles terskel for å opprette aktivitetsplanar.

Sekretariatet si vurdering:

Radøy, Meland og Lindås skal om kort tid slå seg saman til Alver kommune. Også i dei to andre kommunane er det i år gjennomført forvaltningsprosjekt av ulike tenester retta mot barn og unge.

Radøy: «*Tidleg innsats i oppvekstsektoren*» - ferdig juni. 2019.

Meland: «*Helsetilbodet til barn og unge*» - planlagt ferdig aug. 2019

Dei tre forvaltningsprosjekta omhandlar ulike sider ved kommunen(-ane) sitt ansvar og tenestetilbod til barn og unge i skulepliktig alder. Kvar for seg kan desse prosjekta gje viktige premisser for arbeidet med det psykososiale miljøet for elevane i grunnskulen i Alver.

I Lindås er det i dag 12 kommunale grunnskular. Meland og Radøy har 5 skular kvar. Totalt vil det i Alver kommune vere 22 skular. Forvaltningsrapporten peikar at det i dag er noko ulik praksis mellom skulane. Å samordne det, som skal vere felles for alle skulane i Alver, krev derfor ei tett oppfølging framover.

Dei tre kommunane har, som det framgår av rapporten (s.16) og av rådmannen sin høyringsuttale, oppretta eit felles prosjekt «Betre læringsmiljø». Funn og tilrådingar i dei ulike forvaltningsprosjekta bør derfor følgjast opp i det felles arbeidet med å utvikle system, rutinar og samhandling av tenester for barn og unge i Alver kommune.

Korleis kommunestyre og kontrollutval skal følgje opp at tilrådde tiltak vert sett i verk er ikkje lett å tilrå no på slutten av funksjonstida for både kontrollutval og kommunen. Den vidare oppfølging av rapporten vert å drøfte ved handsaminga. I fellesmøte for kontrollutvala i september vil det verte gjeve ei orientering om prosjektet «Betre læringsmiljø».

Behandling i møte:

Forvaltningsrevisor Lina Hamre, Deloitte AS deltok i møtet og gav ein presentasjon av prosjektrapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Dei ulike problemstillingane som er undersøkt i prosjektet vart gjennomgått og drøfta.

Kommunalsjef oppvekst Kristin Moe deltok i møtet og svarte på spørsmål. Kommunalsjefen orienterte om praksis i dag og tiltak som er under arbeid for Alver.



Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kontrollutvalet rår til at rådmannen føl opp tilrådingane i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver.

Kontrollutvalet rår til at revisjonen deltek og legg fram rapporten for kommunestyret.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune.

Innan xx xx xx vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kontrollutvalet om korleis tilrådingane i rapporten vert følgd opp.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kontrollutvalet rår til at rådmannen føl opp tilrådingane i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver.

Kontrollutvalet rår til at revisjonen deltek og legg fram rapporten for kommunestyret.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune.

Rådmannen vert beden om å kome med ei tilbakemelding til kontrollutvalet i møte den 27.11.19 om korleis tilrådingane i rapporten vert følgd opp.

**44/19 Gjennomgang av rekneskapstal for kontroll og tilsyn****Saksopplysningar :**

For å sikre god internkontroll, vert det etter kontrollutvalet sitt ønskje, lagt fram ein oversikt over utgifter til kontroll og tilsyn på kvart møte.

Kommunestyret vedtok i sak 093/18 ei budsjettramme på 802 000 kr til kontrollutvalet for 2019. På bakgrunn av tidlegare års rekneskap og vurdering av ressursbehov er midlane fordelt av kontrollutvalet.

	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Rekneskap per 2/09 2019	Avvik per 27/5 2019
Rekneskapsrevisjon 2018	214 000*	250 000	80 000	x
Forvaltningsrevisjon	258 000*	300 000	217 500 a)	x
<i>Forvaltningsrevisjon (apr-mai). Trygt og godt skulemiljø</i>			58 000	(x sum avvik) -194 000
Sekretariat kontrollutvalet	130 000	132 000	130 276	- 2 000
Drift av kontrollutvalet	99 000	120 000	98 000	-22 000
Totalt kontrollutvalet	701 000	802 000	583 000	-219 000

*I note 2 til rekneskapet for 2018 er det opplyst at honorar til revisor Deloitte AS utgjer for rekneskapsrevisjon kr 270 000 og forvaltningsrevisjon kr 339.688. Begge summer er då inkludert mva.

a)Pr. 2. september er det ført à konto beløp vedkomande rekneskapsrevisjon for 2019 og arbeid med ein del av pågåande forvaltningsprosjekt.

Det vil påløpa ytterlegare kostnader til rekneskapsrevisjon i hht avtale og avsluttande arbeid med forvaltningsrevisjonen.

Kostnad for sekretariat gjeld heile 2019. Kontrollutvalet har i perioden delteke på opplæring som er kostnadsført med 40.000 kr. I drift av kontrollutvalet også inngår 43.000 som godtgjering til folkevalde.

Budsjettet for 2019 er stramt, men vil kome om lag i balanse.

Behandling i møte:**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek status for økonomisk oversikt 2019 til etterretning

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek status for økonomisk oversikt 2019 til etterretning



45/19 Budsjettframlegg for kontrollutvalet i Alver kommune - 2020

Saksvedlegg:

Oversyn godtgjering til politikarar i Alver kommune

Saksopplysningar:

Etter framlegg til ny Kontrollutvals- og revisjonsforskrift skal kontrollutvalet utarbeide eit framlegg til **årsbudsjett** for «**kontrollarbeidet**» i kommunen. Dette inkluderer utgifter til: møter og opplæring for kontrollutvalet, kjøp av tenester vedkomande kontrollutvalssekretær og revisjon.

Kontrollutvalet sitt framlegg skal følgje med innstillinga av årsbudsjettet ved kommunestyret si handsaming

Alver kommune skal etablerast frå 1. januar 2020. Etter valet i september 2019 skal nytt kommunestyre konstituerast. Fram til årsskifte skal det nye kommunestyre fungere som fellesnemnd for Alver. Formannskapet har ansvaret for å fremje budsjettinnstilling til det nye kommunestyret. (jmf.3.3 i reglement for fellesnemnda)

Kontrollutvala i Radøy, Meland og Lindås skal fungere ut året. Tidlegare er det berre kontrollutvalet i Lindås som årleg har hatt sak med vedtak om framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet. Budsjett 2020 for kontrollutvalet i Alver kommune vil verte drøfta på felles møte for kontrollutvala den 25. september. Framlegget til budsjett vert lagt fram for dei ulike kontrollutvala i forkant av dette.

Budsjettet for 2020 må ta omsyn til fleire endringar frå årsskifte:

- Alver kommune vert etablert som ny kommune
- Dei siste to åra er det gjennomført og førebudd mange organisatoriske endringar for den nye kommunen
- Det kan vere særskilt trong til å gjennomføre ulike forvaltningsprosjekt for å evaluere resultat og effekt av endringar som er gjennomført
- Eit nytt kontrollutval skal veljast og skal tre i kraft frå årsskiftet
- Dette medfører trong til ekstra ressursar for opplæring av både medlemar og varamedlemar
- Det er inngått avtale med ny revisor frå årsskiftet – gjeld rekneskap og forvaltningsrevisjon
- Tidlegare revisorar skal revidere dei tre kommunane sine årsrekneskapar for 2019 – dette gjev ein meirkostnad i 2020
- Det er vedteke eit nytt reglement for godtgjerding til politiske utval

I siste framlegg til reglement (handsama i fellesnemnda 02.09.19) for Alver kommunestyre og ulike utval går det fram:

- Kontrollutvalet skal ha 7 medlemar med varamedlemar
- Godtgjering for leiar av kontrollutvalet – 6 % av ordførargodtgjersla pr. år
- Fast godtgjering til medlemar av utval – 2 % av ordførargodtgjersla pr. år
- Godtgjering medlemar av utval – 0,15 % av ordførargodtgjersla pr. møte
- Godtgjering varamedlemar av utval – 0,15 % av ordførargodtgjersla pr. møte



I budsjettet er det lagt opp til 7 møter i kontrollutvalet i 2020, samt to eigne samlingar med kurs / opplæring.

Dei tre kommunane budsjetterte i 2019 med slike kostnader til kontrollutvalsarbeidet.

	Revisjon Rekneskap/Forvaltning	Sekretariat	Anna	Sum 2019
Radøy	813 000 c)	83 000	a)	+ 896 000
Meland	970 000 c)	96 000	a)	+1 066 000
Lindås	550 000 d)	132 000	120 000 b)	+ 802 000

- a) Er ikkje budsjettert særskilt for utvala i Radøy og Meland
 b) Godtgjering til leiar og medlemar etter reglement er ikkje fullt ut med her
 c) Årskostnad for deltaking i interkommunalt IKS
 d) Budsjettert etter kontrakt om rekneskapsrevisjon og gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon
 Fast godtgjering til leiarar, medlemar og pr møte i dei tre utvala kjem her utanom.

Sum budsjetterte kostnader for dei tre kommunane i 2019 er soleis over 2.8 millionar kroner.

Med bakgrunn i ei samla vurdering av neste års ressursbehov har sekretariatet sett opp følgjande framlegg til budsjett for 2020:

	Budsjett 2020 Framlegg frå kontrollutvala
Rekneskapsrevisjon Alver 2020	250 000
Revisjon av årsrekneskapa for 2019 Lindås, Meland, Radøy	620.000
Forvaltningsrevisjonar - 3 prosjekt	600 000
Sekretariat kontrollutvalet	176 000
Opplæring kontrollutvalet – 2 samlingar	200 000
Div. utgifter ved møter i kontrollutvalet	100 000
Godtgjerdsle til leiar, fast medl., vara og møter	280 000
Totalt kontrollutvalet	2 226 000

For nokre område vil kostnadane det første året i perioden vert høgare enn seinare. Totalt er dette likevel 600.000 kroner lågare enn for dei tre kommunane samla i 2019. Det er i framlegget teke omsyn til aktivitetar som er planlagt for året som kjem innan ordinær rekneskapsrevisjon for Alver kommune, og revisjon av siste årsrekneskapa for kommunane Radøy, Meland og Lindås. Når det gjeld forvaltningsrevisjon er det lagt til grunn gjennomføring av inntil tre mindre prosjekt / evalueringar.

Behandling i møte:

Framlegg til budsjett vart drøfta i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tilrår eit budsjettframlegg for 2020 med ei total ramme for kontrollutvalet på kr 2 226 000.

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett vert å leggja ved når arbeidsutvalet/ formannskapet og fellesnemnda/kommunestyret handsamar budsjettet for 2020



Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tilrår eit budsjettframlegg for 2020 med ei total ramme for kontrollutvalet på kr 2 226 000.

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett vert å leggja ved når arbeidsutvalet/ formannskapet og fellesnemnda/kommunestyret handsamar budsjettet for 2020

46/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Behandling i møte:

Ingen saker/merknader vart teke opp i møte

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og har ingen merknader

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og har ingen merknader

47/19 Eventuelt

Ekstraordinær generalforsamling i Lindås tomteselskap

Leiar orienterte om saka

Behandling i møte:

Fellesmøte Alver 25. september 2019


Neste møte: er 16. oktober 2019

Førebels saker til neste møte er:

- Oppsummering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden 2015 – 2019
- Deloitte: presentasjon av revisjonsplan rekneskap
- Oppfølging av revisjonsrapport nr 14

Knarvik, 11.09.2019


Leif Erik Gullanger, leiar (sign)


Øyvind Olsnes, sekretær

